

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		18/2067

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
68/2018	Formannskapet	PS	29.08.2018

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

Formannskapet - 68/2018

FS - behandling:

Følgjande saker vart tekne opp:

Ordførar:

- Melding frå Posten Norge AS planlegg å tildele nordre del av 5918 Frekhaug med eige postnummer 5919 Frekhaug frå 01.10.18
Det er kome innspel frå ein innbyggjar på å endre til 5919 Holsnøy.
På grunn av kort frist har ordførar gjeve melding om at vi beheld Frekhaug, slik at postnummeret vert 5919 Frekhaug.
Formannskapet sluttar seg til dette.
- Byvekstavtale mellom kommunane Askøy, Bergen, Fjell, Lindås og Os.
Sendt brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om at Meland ønskjer å være med i forhandlingar om byvekstavtale for Bergensområdet.
Ordførar og varaordførar frå Meland og Radøy er inviterte til å være med i styringsgruppa.
Forhandlingsutvalet er utvida med 2 ekstra deltakarar, slik at m.a. ordførar frå Meland er med.
Hovudfokus er å redusere biltrafikken inn til Bergen.
- Meland kommune har fått tildelt 4,1 mill. kr til utbygging av breiband

Sølvi Knudsen:

- Ønskjer status Nyborg-tunnelen
Ordførar orienterte om at Regionrådet har hatt eit møte med Bergen kommune i slutten av mai.
Signal er at dei vil prioritere dette arbeidet. Målet er å få ferdig ein plan før neste NTP.

Marit Jøssang:

- Ønskte informasjon om situasjonen i sommar med tørke og vannleidningsbrudd på Langeland
Sektorsjef teknisk Anny Bastesen orienterte.

Nok vatn, men kapasiteten på leidningsnettet er for dårleg. Arbeid i gang for å betre dette. Innbyggjarane viste stor respekt for vatningsforbodet.

Silje Sæterstøl:

- Ikkje nok sitjeplassar til skuleborn som tar buss til Rossland skule. Påbod om å bruke setebelte, men stiller spørsmål om tryggleiken til born som må stå på bussen? Administrasjonen vil undersøke dette.

Sigmund Larsen:

- Er blitt kontakta av hytte-eigar i Ådlandsvågen som er frustert over sakshandsaming på teknisk avd
Saka er handsama i UDU. Ber administrasjonen sjå på det på nytt.
- Status rensing av Mjåtveittjørna
Administrasjonen svarte at ein avventar tilbakemelding frå Fylkesmannen. Kjem opp som sak i formannskapet.

FS - vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.